

## **Bilag 64**

# Kan leve med uhell



Prosjektleiar Torgeir Bakke i Niva presenterte uhellscenario dersom AF Decom Offshore AS får godkjenning til industriaktivitet i Vats- og Yrkefjorden. Utgangspunktet er planlagt aktivitet og kva uhell oppdragsgjver AF Decom Offshore meiner kan skje. FOTO: JON EDVARDSEN

**Dersom det blir opna for industriaktivitet i sjøen i Vatsfjorden og Yrkefjorden, vil ikkje eit potensielt uhell få særlege konsekvensar for det marine miljøet, meiner Niva.**

JON EDVARDSEN

Konsekvensar for det marine miljøet dersom det blir eit uhellsutslipp i Vats- og Yrkefjorden, er den mest sentrale delrapporten når AF Decom Offshore AS ønskjer permanent løyve for industriaktivitet i delar av Vats- og Yrkefjorden. Rapporten er laga av Norsk institutt for vannforskning (Niva) som også lagar den årlege miljørapporten for området med AF som oppdragsgivar.

Tidlegare har selskapet hatt dispensasjon for demontering av delar av oljelastebøylene Kittiwake og Staffjord C. Blir reguleringsplanen for sjøområda godkjent, kan både deling av oljelastebøyer og annan ny industriaktivitet bli ein del av den daglege dagsorden på fjorden.

I dag har selskapet permanent løyve til opphogging av oljeinstallasjonar på land på Raunes, og ankring på fjorden.

## Fortynna i sjøen

For kva type aktivitet som eventuelt blir lov i sjøområda, vil også Klima- og forurensningsdirektoratet ha eit ord med i laget sidan utslippsløyve er ein del av vilkåra for å drive denne aktiviteten.

Prosjektleiar Torgeir Bakke i Niva meiner det er små sjansar for at eit uhell under operasjonane i Vats- og Yrkefjorden får særleg alvorlege konsekvensar. Forklaringa hans er at utslippa blir relativt små og at uheldige stoff blir raskt fortynna. Giftige grenseverdier ved uhell vil ein i dei fleste tilfelle ikkje finne lenger enn 100 meter frå der det

skjer, meiner Niva.

Her er lista over sentrale forurensingskjelder som er vurdert i rapporten:

- Tungmetall
- PCB
- Diverse oljetypar
- Marin begroing
- Naturleg eksisterande radioaktivitet

Det er AF Decom Offshore som har laga lista med potensielle volum av uheldige stoff som kan bli sleppt ut ved eit uhell, og kva type uhell som kan skje.

## Fisk og fugl

— Berekningane er gjort ved skrivebordet og ikkje gjennom faktiske undersøkingar i fjorden. Prinsippet er at når den verste realistiske hendinga er akseptabel, så er endå mindre uhell, endå meir akseptabelt, seier Torgeir Bakke.

Han presenterte rapporten for media hos AF Decom Offshore AS i forrige veke.

Den viser at utslipp ved uhell kan bli over norske grenseverdier for såkalla kroniske og akutte effektar (PNEC) av metall i sjøvann rundt der hendinga skjer, men at det er lite truleg at kortvarig eksponering på grunn av fortyning, vil gi skadar av betydning på fisk, slik Niva formulerer det.

Mest utsett er ein lassetingsplass for fisk dersom det skjer utslipp, fordi denne fisken ikkje kan rømme unna.

Eit oljeutslipp av 50 liter råolje ved demontering av prosessutstyr vil kunne strekke seg ut til mellom 200 og 250 meter, og at ønskt fortyning vil skje etter 100 meter, i følgje rapporten. Eit oljeutslipp kan i verste fall øydeleggje ein badesesong, er konklusjonen.

Dersom eit slikt utslipp driv i land på holmane yst i Vatsfjorden kan det få betydeleg negative konsekvensar for gråhegre og fiskemåke som er kjende artar i området, den sistnemnde er raudlista for truga artar.



I 2008 fekk AF Decom den første dispensasjonen til å dele opp hittil to oljebøyer ute på fjorden, Kittiwake. No er seksjonering på fjorden.

## Vil kutte plattformer ute på fjorden

Det blir aktuelt å seksjonere flytande plattformer dersom AF Decom Offshore får klarsignal til industri ute på fjorden.

Til no har deling av oljelastebøyer ute på fjorden vore eit kontroversielt tema. Først Kittiwake i 2008, og Staffjord C i fjor der eit oljeutslipp skapte brudulje.

No ønskjer AF Decom Offshore å dele opp også andre typar plattformer i sjøen i Vatsfjorden og Yrkefjorden. Det blir ein del av aktiviteten i fjordområdet Decom ønskjer å omregulere til industriaktivitet.

## Også plattformer

Det finst rundt 40-50 flytande produksjonsplattformer i Nordsjøen som er festa til havbotn med anker eller strekkstag. På grunn av tryggleiken må slike plattformer seksjonera i rolegare farvatn enn Nordsjøen før dei blir tatt på land. Plattformene er i stål og/eller betong og kan ha eit vanleg omfang på 120x150 meter. AF ønskjer å seksjonere installasjonane ute på sjøen etter same prinsipp som for oljelastebøyer. Slike

operasjonar må ha utslippsløyve. Decom reknar med at slike oppdrag er aktuelt om 5-10 år.

Selskapet vurderer at 5-6 oljelastebøyer skal sanerast dei nærmaste ti åra. AF antar difor ikkje at dei får kontraktar for oljebøyer kvart år, men det kan ikkje utelukkast at det kan kome fleire lastebøyer same året.

## Nye aktivitetar

Her er andre aktivitetar AF Decom Offshore ser for seg i sjøområdet dei søker om:

- Seksjonering av større stålunderstell på sjøbotnen før dei blir tatt på land.
- Tilpassingsarbeid på sjøbotn for plassering av plattformunderstell og kranplattform.
- Mellombels plassering av undervassinstallasjonar.
- Oppgradering av riggar og andre flytande konstruksjonar.
- Produksjon, vedlikehald og testing av offshore vindturbinar og transformatorar.

Det er venta at reguleringsplanen blir lagt fram til førstegangs behandling i Vindafjord kommune i april.

## Stor nedgang for Etne vgs

Den vidaregåande skulen i Etne opplever ein reduksjon i søkjartalet på over 30 prosent frå i fjor.

**ELIN B. ØVREBØ**

Talet har gått ned frå 102 til 69 primærsøkjjarar. Inkludert i tala frå i fjor er også ni søkjjarar til studiespesialisering, ei linje som ikkje vart sett i gang på grunn av for få søkjjarar. Reduksjonen er særleg merkbar for førsteklasseane. Lite elevkull og skrivi i lokalpressa om skulebruksplanen er den delte årsaka til nedgangen, forklarar rektor ved Etne vgs., Marion Kallevik.

### Lite kull

— 10.klassekullet er berre halvparten så stort i år som i fjor. I år tel dei berre 38 elevar i heile Etne kommune, men til neste år ligg tala på minst 64. Difor har eg god tru på at søkjartala vil ta seg mykje opp om eit år, seier rektoren, som påpeikar at ho ikkje er nøgd med dei nye tala men at ho har forståing for utviklinga ut frå omstenda i år.

— Me veit at mange elevar har vore usikre på kva dei kunne søke på etter at pressa skreiv om moglege utfall av skulebruksplanen, og der har me sannsynlegvis tapt nokre søkjjarar. Skulebruksplanen vart jo først vedteke etter at søknadsfristen for elevane gjekk ut. Fleire

elevar skal ha søkt seg bort frå heile distriktet i år, seier Kallevik.

— Så det har vore uheldig at skulebruksplanen har blitt behandla i same tidsrom som søknadsfristen?

— Nei, det vil eg ikkje seie. Eg føreheld meg til kva politikarane gjer. Det som kan ha vore negativt, er skrivi om desse planane i pressa, svarar Kallevik.

### Større Rogaland-kjøp

Det er særleg på Design og handverk (DH) og Teknisk og Industriell Produksjon (TIP) at tala peikar nedover.

— Den negative trenden for DH er i tråd med den nasjonale utviklinga, og det synest me er trist. Me har eit veldig godt tilbod, og skulle ønske me fekk fleire elevar. Me har også nedgang i VG2-klassa, noko som heng saman med at det er utfordrande for oss å finne lærlingplass til desse elevane. Me er også uroa for medium og kommunikasjon (MK), og håpar at tala tar seg opp. Søkinga til VG1 på TIP er heilt grei, og på VG2 har me faktisk venteliste, seier rektoren, og legg til at elevane ved skulen kjem frå fire forskjellige fylke.

— Berre Rogaland aleine ligg an til å kjøpe ni elevplassar i år. Vanlegvis plar dei kjøpe fire-fem, så dette er me sjølv sagt veldig nøgde med. Dei aktuelle linjene er MK, DH og TIP.



av andre typar plattformar i emning dersom selskapet får eit permanent industriområde  
ARKIVFOTO: JON EDVARDSEN

## Ser meir miljøgifter

Ny og større aktivitet på fjorden betyr auka utslepp av miljøgifter, det er enkel logikk, meiner miljøaktivisten Ståle Jøtne i Vats.



Ståle Jøtne

seier han.

Han meiner miljørapporten for 2012 viser at forureininga er i ferd med å melde seg i fjordsystemet sidan det på fleire målingar er meir kvikksølv enn før. At målingane av kvikksølv er godt under grenseverdiar for mat i EU, og at utsleppa er innanfor krava frå miljøstyremaktene med god margin, får ikkje Jøtne til å sove godt om natta.

— Det er noko på gang, denne kvikksølvtypen melder seg først etter ei tid. Det er galskap å sitje på gjerdet og vente til ein når EU sine grenseverdiar, då er det for seint. Difor meiner eg at AF må sleppe ut mindre, ikkje meir ved at ein skal hogge ute på sjøen, seier Jøtne.

Han meiner politikarane i Vindafjord snart må erkjenne at dei ofrar Vatsfjorden.

### — Fått fribillett

— Men eg er redd fribilletten alt er gitt. Dette kjem til å bli godkjent. Eg trur ikkje kommunen har kompetanse til å handtere denne saka,

## Siste avklaring for Stordalen



Her skal Stordalstunnelen starta frå aust. Ordførar Sigve Sørheim, her saman med partikollega Ingvor Gundegjerde, jublar for endeleg avklaring.

ARKIVFOTO: ARNE FROKEDAL

Etne-ordføraren jublar for oppstart på E134 i Stordalen til hausten.

**ARNE FROKEDAL**

Ti år etter at Stordalsparsellen skulle stå ferdig, er prosjektet så og seia i boks. Nå er det Statens vegvesen det står på. Torsdag var Etne-ordførar Sigve Sørheim (Sp) i Samferdselsdepartementet og fekk dei signala han ynskte.

— Her kom avklaringane om at finansieringa er på plass og at stortingsproposisjonen blir behandla før sommaren, seier Sørheim tilfreds.

### Mange rundar

At det kan ta tid å bygga veg her i landet, er Stordalstunnelen eit godt døme på. Prosjektet var opphavleg ein del av vegutbygginga i Åkrafjorden, og alle planane var godkjende. Men ei omprioritering av midlane førte til at spadn aldri blei sett i jorda.

Utsetjinga førte til at reguleringsplanen gjekk ut på dato. Etne kommune måtte ta ein ny runde, men heller ikkje den nye planen kunne brukast. I vinter har lokalpolitikarane behandla saka igjen, og gjort vedtak for ein

justert reguleringsplan. Den oppdaterte planen førte til at prosjektskostnadene auka med 96 millionar i forhold til summen som ligg inne i Nasjonal Transportplan.

### Hasteinnkalla

Etne-ordføraren innrømmer at vegprosjektet har vore svært krevjande å få til og at det er brukt svært mykje tid og krefter. I førre veke blei Sørheim og fylkesordførar Tom-Christen Nilsen (H) hasteinnkalla til eit avklaringsmøte i departementet. Det var ein glad ordførar som drog frå Oslo.

— Det har lege ei uvisse i lufta, men nå fekk me signala om at alt skal vera på plass. Kostnadsauken blir fordelt likt mellom bompenge og statlege midlar. Me fekk også avklart at proposisjonen blir behandla før Stortinget tar ferie.

Han tar atterhald om at proposisjonen bli godkjent, men ser på dette som plankekøyning.

— Dette var ei fantastisk gladmelding. Nå har me gjort jobben og dermed er det opp til vegvesenet å trykkja på knappen, seier Sørheim som meiner det er realistisk med oppstart i haust.